

Årsmelding BirdLife Indre Telemark

BirdLife Indre Telemark blei formelt stifta 15.2.2024. Vedtekter blei vedtatt og eit styre oppretta og konstituert:

Kjell Bitustøyl (leiar), *Vidar Sundstøl* (nestleiar), *Linda Ralle Ulven* (sekretær), *John Einar Oterholt* (styremedlem), *Bjarte Hestdalen* (styremedlem) og *Hege Håkonsen* (varamedlem) – Hege Håkonsen trekte seg frå styret etter ein periode, og i staden hennar kom *Imelie Geurts Verkoelen* (interimvaramedlem). Geografisk har me no fått med eit styre med god spreing. Midt-Telemark, Notodden, Vinje og Nome. Ei facebookside blei tidleg oppretta med Vidar Sundstøl, Arne Svalastog og Kjell Bitustøyl som administratorar, pr.dato er der 247 fylgjarar.

BirdLife Grenland og BirdLife Telemark har støtta oss frå fyrste stund og gjeve oss både oppmuntring og god hjelp i oppstartfasen. Medlemstalet i dei 11 kommunane i BirdLife Indre Telemark har auka i løpet av året og er pr. dato rundt 170 medlemmer.

Styret har hatt to styremøte i vårsemesteret, 18.1 og 17.4 og tre styremøte i haustsemesteret. 29.8, 10.10, 28.11

Eigne opne arrangement i 2024:

- 24.4 Fuglar på Hardangervidda, foredrag ved Kjell Bitustøyl, i Bø
- 14.5 Same foredrag, no i samarb. med Naturvernforbundet i Vest-Telemark, i Rauland
- 3.6. Lyttetur Gvarv ved Erlen Landsverk
- 9.11 Vipa, foredrag i Bø ved Lasse Bjørn Nilsen og Marion Lukkari Arnesen

Vidare ein oversikt over aktivitetar der nokon av oss enten har deltatt eller har vore med og arrangere:

- 10. mars deltok me på fylkeslagets årsmøte i Skien
- 14. august deltok Vidar Sundstøl og Kjell Bitustøyl med stand på Fadderuka på USN, Bø.
- 19. september, eit internt kurs for styremedlemmer i bruk av Artsobservasjoner, ved Morten Rask Arnesen og Erlen Landsverk
- 03. oktober hadde John Einar Oterholt og Kjell Bitustøyl ein føremiddagsøkt med temaet fugl på Hjuksebø Montesorriskule
- 16. november blei det avvikla eit ope arrangement «Fuglen i dikt, prosa, musikk og bilete». i regi av Bø bok og papir. To av medlemmene i styret deltok: Vidar Sundstøl og Kjell Bitustøyl.
- 16. desember, eit kurs i Artsobservasjoner for et knippe medlemmer i Rauland og Tinn på Skinnarbu, Morten Rask Arnesen var lærar, Kjell Bitustøyl var med som assistent.

Av andre ting styremedlemer, ein eller fleire, har vore involvert i/deltatt i, er nokre uformelle møte, blant anna eitt med Anne Haugen Wagn i Aust-Telemark om utbyggingssaka ved Flyplassen på Notodden, og eit møte om Vindkraftutbygging i Nome/Drangedal på Ulefoss. John Einar har hatt kontakt med BirdLife Grenland og fått til eit samarbeid om lån av eit vipebur til bruk ved Notodden flylass, ein vipelokalitet, dette blei ein suksess, 3 vipeungar såg dagens ljós! Vil bli fylgd opp i år. Kjell Bitustøyl har som leiar representert lokallaget vore på Organsasjonssamling i BirdLife Norge i Oslo. Han har òg, fyrst og fremst som medlem av BirdLife Telemark, deltatt på møte om samarbeid om fuglelivet rundt Hardangervidda, men han har saman med medlemer av BirdLife Indre Telemark, vore med på kartlegging av fugleliv i Vinje sine område på Vidda sommaren 2024, etter ei løyving frå BirdLife Norge. Nemnast bør òg at eit fuglekasseprosjekt i regi av lokallaget vårt fekk 10 000 kr i støtte frå

Midt-Telemark kommune til innkjøp av fuglekasser frå Bø ungdomsskule, dette skal gjennomførast i løpet av 2025, styremedlem John Einar Oterholt er vår mann i dette prosjektet.